

Referat frå møte mellom Grendautvalet og AF Decom

Måndag 23. nov. 2009 på Raunes Kl. 19.00

Desse møtte: AF Decom: Plassjef Arne Skogheim, ass.plassjef Olav Ubøe, pressekontakt Evy Lærdal, HMS-ansv. Jorunn Hafstad, arbeidsleiar Per Nerheim
Grendautv. Ingunn Skosheim Ohm, Gro Karin Velde, Severin Fatland, Åsmund Kalstveit, Jon Olav Velde

Dette var eit samarbeids- og orienteringsmøte som AF kalla inn til i samråd med leiaren i grendautvalet.

AF med sine leiande folk på basen gav oss ein grundig orientering om arbeidet som blir gjort på basen og deira handtering med opphogginga av oljeinstallasjonane.

Det har i lengre tid vore mykje kritikk i både aviser og radio om drifta på Miljøbasen til AF på Raunes. Mange usanne rykte om arbeidsmiljøet og om handteringa av spesialavfallet frå opphogginga av plattformene verserer – dette tek mykje tid og krefter frå leiinga når dei skal besvara angrepa på ein god og konstruktiv måte.

Ulike skriv til departement, fylkesmann, SFT og kommunen frå fleire personar der dei kjem med krav og pålegg - dette bruker AF mykje tid på.

Grendautvalet føler at AF tek arbeidsforholda og handteringa av alt avfall på ein profesjonell måte. AF er heile tida innstilt på å gjera eit skikkeleg arbeid til beste for miljøet for alle.

Dei vil gjerne ha ein nasjonal standard for slik opphogging. Dette har både AF og Vindafjord kommune bedt om for lenge sidan.

AF har strenge lovar og reglar å forholde seg til. Dei får svært ofte tilsyn av ulike instansar som ser dei i korta. Eg kan nemna: Miljøavd. hos Fylkesmannen, SFT, Vindafjord kommune, Mattilsynet, Arbeidstilsynet, Kystverket, Tollvesnet, Internrevisjon, Rekneskapskontroll, m. fl.

AF må heile tida vera budde på slike tilsyn. Difor må dei streba for å liggja i forkant med det meste og ikkje få for mange ”prikkar”. AF ser positivt på besøka.

NIVA kjem snart med ein stor og omfattande rapport om forurensingssituasjonen i sjøen, på land og i luft. Det blir spennande å få innsyn i denne.

Grendautvalet vil i **jan./febr. 2010 arrangera eit Folkemøte** i Vindafjordhallen saman med AF.

Her vil ein presentera prøveresultatene frå NIVA som er tekne i Vatsvassdraget og dessutan miljørapporten frå prøvane ute på Miljøbasen. Me vil også få fagfolk til å orientera om begrepet lågradioaktivitet - dette stoffet finn ein i prosessrøyra som kjem inn til basen for opphogging. Kva fare utgjør dette for folk?

AF kallar inn til eit planleggingsmøte i januar 2010 der ein skal laga eit opplegg for dette Folkemøtet. Jon Olav Velde representerer Grendautvalet på dette møtet.

Det vart eit langt og konstruktivt møte der alle fekk koma med synspunkt og spørsmål. God mat og drikke fekk me også.

Øvre Vats 23/11 – 09

Jon Olav Velde
-leiar/skrivar-